



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for oppvekst
Møtestad: Møterom Servicetorget Herøy rådhus
Dato: 03.09.2014
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 27.08.2014

Linn Therese Hansen Sævik
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 16/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 17/14	Protokoll frå førre møte
PS 18/14	Referatsaker
PS 19/14	Brukarundersøking i kommunale barnehagar 2014
PS 20/14	Orintering om tilsyn i kommunale barnehagar 2014
	Referatsaker
RS 4/14	Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Evaluering av 1. halvår 2014.

PS 16/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 17/14 Protokoll frå førre møte

PS 18/14 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2014/1261
		Arkiv:	031

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
19/14	Komite for oppvekst	03.09.2014
	Kommunestyret	25.09.2014

BRUKARUNDERSØKING I KOMMUNALE BARNEHAGAR 2014

Tilråding frå rådmannen:

Resultatet av brukarundersøking i kommunale og private barnehagar våren 2014 vert teken til vitande.

Særutskrift: Alle barnehagane

Vedlegg:

1. Brev til foreldra

Uprenta vedlegg: Oversikt over talresultata i den enkelte barnehage

Saksopplysningar:

Alle barnehagane har våren 2014 gjennomført brukarundersøking etter malen i Effektivitetsnettverket/Bedre kommune.

Barnehagane (både kommunale og private) i Herøy gjennomførte brukarundersøking etter same malen i 2005, 2007 og 2010.

Gjennomssnittresultatet i 2005 var 5,2 , i 2007 5,3 og i 2010 5,3 (1 er dårlegast og 6 er best). Målet for undersøkinga i år var å behalde det gode resultatet. Dette målet vart nådd, då resultatet viser eit gjennomsnitt på 5,3. Til samanlikning er gjennomsnittskåren i landet 5,1.

Ei slik undersøking gjev kvar barnehage eit grunnlag for å samanlikne seg sjølv med tidlegare undersøkingar, med andre barnehagar og med landsgjennomsnittet. Undersøkinga opnar opp for at foreldra kan kome med eigenformulerte kommentarar i tillegg til avkryssningsspørsmåla, og gjev såleis barnehagane viktig informasjon om kva foreldre er nøgde med og kva dei ynskjer må bli betre.

Målet for gjennomføring av brukarundersøking er:

- At den skal medverke til ei betre teneste
- At den skal sette den enkelte barnehage i stand til å samanlikne seg med seg sjølv og andre over tid

Spørjeundersøkinga

Målgruppe for spørjeundersøkinga er alle foreldra til alle barn i barnehagane i Herøy. Vi nytta det standardiserte skjemaet for brukarundersøking i barnehage som effektivitetsnettverket har utarbeidd. Skjemaet har 31 spørsmål innanfor fylgjande hovudområde/kategori:

Resultat for brukarane (i kor stor grad er du nøgd med barnet si sosiale utvikling, aktivitetsinnhaldet i barnehagen, barnehagen si tilrettelegging for det einskilde barn si læring, barnehagen si tilrettelegging av skuleførebuande aktivitetar, barnehagen sitt bidrag til ditt barn si språkutvikling, dei tilsette sin kompetanse til å gjere ein god jobb med ditt barn, personalet si omsorg for barnet, barnehagen sitt mattilbod, barnehagen sitt arbeid som kulturformidlar)

- **Trivsel** (i kor stor grad synes du ditt barn opplever allsidig leik og aktivitet, godt samspel med dei voksne, godt venskap med andre born, at det er gøy i barnehagen)
- **Brukarmedverknad** (i kor stor grad er du nøgd med barnehagen si interesse for dine synspunkt, dine mulegheiter for medinnflytelse over tilbodet i barnehagen, barnet si mulegheit for å vere med på å ta avgjerd om innhaldet i barnehagen, barnehagen sitt samarbeid med heimen, samarbeidsutvalet sitt arbeid for å sikre foreldra sin medverknad)
- **Respekfull behandling** (i kor stor grad synes du personalet behandlar barnet ditt med respekt, behandlar deg med respekt, tek barnet på alvor, tek deg på alvor)
- **Tilgjengelegheit** (i kor stor grad er du nøgd med opningstidspunktet, lukketidspunktet, høve til variert opphaldstid)
- **Informasjon** (i kor stor grad er du nøgd med informasjon om korleis ditt barn har det, informasjon om det som skjer i barnehagen)

- **Fysisk miljø** (barnehagen sitt uteområde, barnehagen sitt inneområde, barnehagen sitt fysiske innemiljø)
- **Generellt** (Alt i alt i kor stor grad er du nøgd med barnehagen barnet ditt går i)

Foreldra skulle krysse av på ein skala frå 1 (svært lite nøgd) og til og med 6 (svært nøgd). Det var og ein rubrikk 7 veit ikkje. I tillegg var det eit eige felt der dei som ynskde det kunne kome med eigne kommentarar i høve barnehagetilbodet.

Om prosessen

Då kommunen starta med brukarundersøking etter denne malen, vart det brukt papirskjema som foreldra leverte i lukka konvoluttar. Desse vart opna og punsja av Fellesekretariatet. I 2010 og no i 2014 vart det bestemt at alle foreldra skulle svare elektronisk, og dei fekk utdelt eit passord for å få tilgong til undersøkinga.

Undersøkinga var frivillig, men alle foreldra vart sterkt oppmoda om å svare slik at barnehagane kunne få eit best muleg grunnlag for å planlegge og utøve ein god teneste.

For å få til eit engasjement for høg svarprosent, vart det utlova ein premie på kr. 2.500,- til den barnehagen som fekk høgast svarprosent.

Gjennomsnittleg svarprosent for alle barnehagane samla vart 49%. Dei private barnehagane hadde lavast svarprosent med slik fordeling mellom barnehagane: 42%, 21%, 49%, 23% og 54% . Dette gir eit gjennomsnitt på 37,80%.

Dei kommunale barnehagane hadde høgare svarprosent med slik fordeling mellom barnehagane: 82%, 64%, 69% og 37%. Dette gir kommunale barnehagar eit gjennomsnitt på 63%.

Moltu barnehage vart «vinnarbarnehagen» der 82% av foreldra svarte på undersøkinga.

”Resultatsløyfa”. Skisse for gjennomføring/registrering

1. Gjennomføring / foreldra svarar på den elektroniske undersøkinga
2. Barnehageleiar har samtalar med styrarane om resultatet. Kvar enkelt styrar får utdelt resultatet frå sin barnehage. I felles styrarmøte får alle styrarane sjå ei oversikt over resultatet i alle barnehagane.
3. Styrarane har samtale med kollegiet i sin barnehage om resultatet
4. Styrarane gir foreldra tilbakemelding om resultatet
5. Offentleggjering
 - a) rådmannen si leiargruppe
 - b) politiske organ
 - c) presse/internet
6. Konsekvensar av undersøkinga / oppfylgjing / læring

Presentasjon av resultata

Resultata er presentert i samsvar med punkta 2,3,4 og 5a. Denne saka er i samsvar med punkt 5b. Kvar barnehage har fått vite sitt resultat på detaljnivå samt ein oversikt av resultatet for alle dei andre barnehagane i Herøy. Gjennomsnittet i Herøy og på landsbasis kan og kvar barnehage samanlikne seg med. På denne måten kan den enkelte barnehage samanlikne sitt resultat med eige resultat frå 2005, 2007 og 2010 og med dei andre barnehagane i kommunen og med landsgjennomsnittet.

Oversikt over resultatet (gjennomsnittet) i Herøy og landet for øvrig

Resultat for brukarane	Landsgjennomsnitt	Gjennomsnitt i Herøy
Ditt barn si sosiale utvikling	07:5,2 10: 5,2 14: 5,4	07:5,5 10: 5,5 14: 5,6

Aktivitetssinnhald i barnehagen	07:4,9 10: 4,9 14: 5,1	07:5,3 10: 5,3 14: 5,4
Tilrettelegging for barnet si læring	07:4,7 10: 4,7 14: 4,9	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2
Tilrettelegging for skuleførebuande aktivitetar	07:4,7 10: 4,8 14: 5	07:5,3 10: 5,3 14: 5,3
Barnehagen sitt bidrag til barnet si språkutvikling	07:4,8 10: 4,9 14:5,2	07:5,2 10: 5,2 14:5,1
Tilsette sin kompetanse	07:5 10: 5 14:5,1	07:5,3 10: 5,2 14:5,3
Personalet si omsorg for barnet	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3	07:5,6 10: 5,5 14: 5,4
Barnehagen sitt mattilbod	07:4,5 10: 4,5 14: 4,8	07:5,1 10: 5,3 14: 5
Barnehagen som kulturformidlar	07:4,6 10: 4,7 14: 4,9	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2
Snitt	07: 4,8 10: 4,9 14:5,1	07:5,3 10: 5,3 14:5,3
Trivsel		
Allsidig leik og aktivitetar	07:4,9 10: 4,9 14: 5,3	07:5,4 10: 5,3 14: 5,5
Godt samspel m/voksne	07:5,1 10: 5,1 14; 5,2	07:5,4 10: 5,4 14: 5,3
Godt venskap med andre barn	07:5,1 10: 5,1 14: 5,3	07:5,4 10: 5,3 14: 5,2
At det er gøy i barnehagen	07:5,2 10: 5,2 14: 5,2	07:5,4 10: 5,4 14: 5,3
Snitt	07:5,1 10: 5,1 14: 5,2	07:5,4 10: 5,4 14:5,4
Brukarmedverknad		
Barnehagen sin interesse for dine synspunkt	07:4,8 10: 4,8 14: 4,9	07:5,2 10: 5,2 14: 5,1
Di mulegheit for medinnflytelse over innhaldet i barnehagen	07:4,4 10: 4,5 14:4,6	07:5 10: 5 14: 4,9
Barnet si mulegheit til å ta avgjerdsler i høve innhaldet i barnehagen	07:4,4 10: 4,6 14:4,6	07:4,9 10: 4,8 14: 4,9
Bhg. sitt samarbeid med heimen	07:4,8 10: 4,9 14: 5	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3
Samarbeidsutvalet sitt arbeid for å sikre foreldra sin medverknad	07:4,3 10: 4,4 14: 4,6	07:4,8 10: 5 14: 4,9
Snitt	07:4,5 10: 4,6 14: 4,8	07:5 10: 5 14: 5

Respektfull behandling		
Behandlar barnet ditt med respekt	07:5,3 10: 5,3 14: 5,4	07:5,5 10: 5,5 14: 5,5
Behandlar deg med respekt	07:5,2 10: 5,3 14:5,4	07:5,5 10: 5,5 14: 5,5
Tek barnet på alvor	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3	07:5,5 10: 5,4 14: 5,5
Tek deg på alvor	07:5,2 10: 5,2 14: 5,3	07:5,5 10: 5,4 14: 5,4
Snitt	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4	07:5,5 10: 5,4 14: 5,5
Tilgjengelegheit		
Opningstidspunktet	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4	07:5,5 10: 5,6 14: 5,7
Lukketidspunktet	07:5,2 10: 5,3 14: 5,4	07:5,3 10: 5,5 14: 5,7
Høve til variert opningstid	07:4,9 10: 5,2 14: 5,3	07:5,3 10: 5,4 14: 5,5

Snitt Tilgjengelegheit	07:5,1 10: 5,3 14: 5,4	07:5,4 10: 5,5 14: 5,7
Informasjon		
Informasjon om korleis barnet ditt har det	07:4,6 10: 4,6 14: 4,7	07:4,9 10: 5 14: 5
Informasjon om det som skjer i barnehagen	07:4,7 10: 4,8 14: 4,8	07:5 10: 5,1: 14: 5,2
Snitt	07: 4,6 10: 4,7 14: 4,8	07:5 10: 5,1 14: 5,1
Fysisk miljø		
Barnehagen sitt uteområde	07:4,5 10: 4,6 14: 4,8	07:5 10:5,2 14: 5,1
Barnehagen sitt inneområde	07:4,4 10: 4,5 14: 4,7	07:5 10: 5,1 14: 4,9
Barnehagen sitt fysiske innemiljø	07:4,3 10: 4,4 14: 4,9	07:5 10: 5 14: 4,6
Snitt	07:4,4 10: 4,5 14: 4,7	07:5 10: 5,1 14: 5
Generellt		
Alt i alt i kor stor grad er du nøgd med barnehagen barnet ditt går i?	07:5 10: 5 14: 5,2	07:5,4 10: 5,4 14: 5,5
Snitt	07:5 2010: 5 14: 5,2	07:5,4 10: 5,4 14: 5,5
Snitt totalt 07/10/14	07:4,9 10: 4,9 14: 5,1	07:5,3 10: 5,3 14: 5,3

Analyse og tolking av resultatata

På nesten alle undersøkte område ligg gjennomsnittet i Herøy over landsgjennomsnittet. Det same gjorde Herøy ved målinga i 2005 , 2007 og 2010. Gjennomsnittet på landsbasis har fått høgare skår sett i forhold til tidlegare målingar. Resultatet i Herøy held seg og stabilt med same gjennomsnittsresultat som i 2010 på 5,3. Det er nye foreldregrupper som har svara på undersøkinga no, og på nokre område viser resultatet litt nedgong, og på andre litt betre resultat. Desse svingningane handlar mykje om 0,1 desimalpoeng, og kan vere meir tilfeldigheiter i høve skjøn enn reelle endringar. Det kan og sjølvstapt vise ein tendens som den enkelte barnehage må vurdere tiltak i forhold til.

Dei fleste av dei private barnehagane har lav svarprosent, og her ligg sjølvstapt ei feilkilde. Resultatet viser likevel at foreldra er svært godt nøgde med barnehagane på alle område. Så og sei alle barnehagane har no auka opphaldstid og dei fleste skårer difor høgt på dette spørsmålet. Samanliknar ein dei private barnehagane som gruppe med dei kommunale, skårer dei private i gjennomsnitt så vidt litt høgare enn dei kommunale (private: 5,36 og kommunale: 5,17). Fysisk miljø trekk framleis ned resultatet for dei kommunale barnehagane, men no fyrst og fremst på grunn av fysisk miljø inne.

Dei aller fleste barnehagane har svært høg skåre på innhald i barnehagen, på respektfull behandling trivsel og brukarmedverknad. Dette viser at barnehagepersonalet har høg bevisstheit om kva som skal til for å møte barn og foreldre med respekt, og gi eit godt pedagogisk tilbod i samsvar med lovverket. Brukarundersøkinga i 2005, 2007 og 2010 viste tydeleg at foreldra ynskjer endå meir informasjon både når det gjeld informasjon om korles barnet har det i barnehagen, og når det gjeld informasjon om aktivitetar i barnehagen. Sjølv om barnehagane har hatt fokus på dette, viser svara ein liten nedgong frå 5,1 til 5 (gjennomsnitt for alle barnehagane). Dette er eit område barnehagepersonalet vil halde fram med å ha fokus på.

Kva kan vi lære av undersøkinga?

- Undersøkinga gir viktige signal om forbetningsområde
- Denne undersøkinga viser at :
 1. Barnehagane i Herøy har god kvalitet
 2. Barnehagane oppnådde same gode resultat som i 2010
 3. Barnehagane i Herøy har eit resultat som er høgare enn gjennomsnittet for landet.

Brukarundersøking åleine er sjølvsgatt ikkje nok for å utvikle barnehagen. Personalet må ha fleire forskjellige arenaer for dialog slik at ein sikrar seg eit godt samarbeid med brukarane. Slike arenaer kan vere; foreldremøter, foreldresamtalar, møter i samarbeidsutvalet og foreldrerådet, forslagskasser, dugnader, sosiale samankomster m.m.. Kompetanseutviklingstiltak for personalet er og svært viktig for at kvaliteten i barnehagane skal vere god og i samsvar med gjeldande lovverk. Ein svært viktig kvalitetsfaktor er nok pedagogiske leiarar med godkjent utdanning. Eitt tiltak Herøy kommune satsar på for å sørge for fleire pedagogar med godkjent utdanning i barnehagane, er å tilby utdanningsstipend til tilsette som tek deltidsutdanning som barnehagelærar. Barnehageavdelinga har fokus på kompetanseutvikling, og samarbeider med kommunene i "barnehagenettverket i Sjustjerna " for at vi saman kan tilby barnehagane gode fagkurs .

Tiltak

Alle barnehagane skal gi tilbakemelding til sine foreldregrupper/vere i dialog om resultatet ved brev eller møte . Dei vil her peike på kva dei vil gjere som ei oppfylgging av resultatet i den enkelte barnehage.. Dei vil og innarbeide eventuelle tiltak i komande årsplan som vert utdelt til foreldra i løpet av september 2014. Samstundes vil barnehagane vere tydeleg på kva dei ikkje kan gjere noko med.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Det er positivt for folkehelsa at barnehagane i Herøy får eit så godt resultat på brukarundersøkinga.

Konsekvensar for beredskap:

God kvalitet aukar beredskapen.

Konsekvensar for drift:

For å oppretthalde god kvalitet med mulegheit for tidleg intervensjon, må ein satse på god personaltettleik og kvalifisert personale i barnehagane.

Fosnavåg, 18.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



Til foreldre/føresette

Brukarundersøking i barnehagen

Det er no fire år sidan vi sist hadde felles brukarundersøking i barnehagane i Herøy, og vi er klar for ei ny undersøking. Vi ynskjer å vere ei båt lengd førne ved at alle barnehagane gir det aller beste barnehagetilbodet. Det er difor svært viktig for oss å få vite om korleis du som føresett opplever tilbodet. Ved at du svarar på undersøkinga, får vi mulegheit til å vite på kva område vi kan bli betre.

Alle må svare på brukarundersøkinga elektronisk. I dette brevet finn du eit eingongspassord. Gå inn på internet på adressa www.bedrekommune.no, bruk passordet for å kome inn og svar så på spørjeskjemaet/brukarundersøkinga.

Når du er ferdig får du tre val:

1. Send – då vil passordet vere oppbrukt
2. Gjer endringar – du kan då gå tilbake til skjemaet og endre dei spørsmåla du ønskjer
3. Avbryt – du nullstiller skjemaet og kan begynne på nytt.

(Dette var dei alternativa som kom opp for fire år sidan...og reknar med det er slik no og)

Svara vert behandla anonymt.

Dersom du har spørsmål om undersøkinga, må du gjerne ringe til barnehageleiar Laila K. Solhaug tlf. 70081322, eller 92629488.

Deltakinga i undersøkinga er sjølv sagt frivillig, men vi håpar at du på denne måten kan hjelpe oss å skape ein betre barnehage.

Treng du hjelp eller låne datamaskin, henvend deg til Servicetorget på Herøy rådhus eller til barnehagane.

Takk for hjelpa!!

NB!! Den barnehagen som får høgast svarprosent vil få ein premie til glede for barna (verdi kr. 2.500,-)!!!

Svarfrist på undersøkinga er: 9. mai 2014.

Med vennleg helsing

Laila K. Solhaug
- barnehageleiar -



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Barnehageavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	LKS	Arkivsaknr:	2012/257
		Arkiv:	A11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
20/14	Komite for oppvekst	03.09.2014
	Kommunestyret	25.09.2014

ORINTERING OM TILSYN I KOMMUNALE BARNEHAGAR 2014

Tilråding frå rådmannen:

Orientering om tilsyn i kommunale barnehagar vert teken til vitande.

Særutskrift: Myrsnipa barnehage , Bergslia barnehage, Leikanger barnehage,
Moltu barnehage

Vedlegg:

1. Sjekkliste
2. Plan for tilsyn

Uprenta vedlegg:

1. Tilsynsrapport Myrsnipa barnehage
2. Tilsynsrapport Bergslia barnehage
3. Tilsynsrapport Leikanger barnehage
4. Tilsynsrapport Moltu barnehage (u.off.)
5. Eksempel på utfylt sjekkliste frå ein barnehage

Saksopplysningar:

Lov om barnehagar pålegg kommunen å føre tilsyn med både private og kommunale barnehagar, d.v.s kommunen har plikt og rett til innsyn i all barnehageverksemd.

Kommunen brukar plan for tilsyn/skjema for tilsynsbesøk som vart godkjend i F-sak 332/2007. I tillegg vert det brukt intervju skjema utarbeidd av barnehagenettverket i Sjustjerna.

Det er delegert til barnehageleiar å utøve tilsyn i både kommunale og private barnehagar. For å sikre mest muleg objektivitet ved tilsynet samarbeider kommunene i barnehagenettverket Sjustjerna om gjennomføring av tilsyn. På denne måten er det alltid to med barnehagefagleg kompetanse som er til stades ved tilsynet. Det er barnehagekonsulent Beate Farestveit Brandal frå Ulstein kommune som har deltatt ved tilsyna.

Det vart våren 2014 gjennomført tilsynsbesøk i dei kommunale barnehagane Myrsnipa, Bergslia, Leikanger og Moltu barnehage. Barnehagane fekk varsel om tilsynsbesøk med foreslått tidspunkt i god tid, samt skjema som peikar på tema ein ville ta opp og drøfte. I varslingsbrevet vart det peika på at ein gjerne ville møte både styrar, pedagogisk leiar, assistent og representant frå foreldra. I tillegg vart det varsla om at kommunen ville nytte intervjumetode med ein person i gongen. Dette for å få eit betre grunnlag for å vurdere om det er samsvar mellom planar og faktiske handlingar.

I tillegg til intervju på varsla lovparagrafer vart fylgjande hovudpunkt tatt opp med styrar under tilsynsbesøket:

Barnehagen sitt internkontrollsystem, samarbeidsutvalet sin funksjon, bemanning, opplysning om barnegruppene, barnehagen sitt innhald, årsplan og rammeplan.

Varsla tema som vart tatt opp ved intervjumetoda var:

1. § 1 i Lov om barnehagar, «Formål»
2. § 4 i Lov om barnehagar, «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»
3. § 17 i Lov om barnehagar, «Styrer»
4. § 18 i Lov om barnehagar, « Barnehagens øvrige personale»

Vurdering og konklusjon:**Avvik**

(avvik dreier seg om at krav som er gjeve i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte)

Ingen av barnehagane fekk avvik på varsla lovparagrafar.

Merknad

(merknad er forhold som ikkje er i strid med krav i lova, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike ting som bør endrast på. Ein vil og få merknad om tilsynet finn uforsvarlege forhold på andre område enn dei varsla lovparagrafane.

Barnehagane fekk slike merknader:

Myrsnipa barnehage:

Merknad 1:

Tilsynet oppmodar om at barnehagen synleggjer i planverket sitt det vurderingsarbeidet barnehagen faktisk gjer. I ny årsplan bør det leggest større vekt på korleis barnehagen driv med eigenvurdering. Ingen krav om tilbakemelding.

Andre kommentarar:

Barnehagen har internkontrollsystem både inne og på uteområdet.

Det sto ved tilsynet framme diverse vaskemiddel/desinfeksjonsmiddel. Barnehagen har rutiner på at dette skal oppbevarast innelåst.

§ 1 «Formål»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§ 4 «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutvalg.

§ 17 « Styrer» Myrsnipa barnehage har styrar i 100% administrasjonsstilling. Styrar har godkjent utdanning og har i tillegg siste år tatt vidareutdanning for styrarar.

§ 18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i fast stilling har godkjent utdanning. Inneverande år (etter jul) har vikar for to pedagogar tilsvarande 1,8 årsverk dispensasjon frå utdanningskravet. Pedagognorm er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar per 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 5 årsverk pedagogiske leiarar. P.g.a oppseiingar midt i barnehageåret, er 1,8 årsverk på dispensasjon frå kravet om barnehagelæruddanning.

Norm for personaltettleik elles er 3 årsverk per 9 barn under 3 år og 3 årsverk per 18 barn over 3 år. Grunnbemanninga i Myrsnipa barnehage er i samsvar med denne norma.

Ved tilsynet 27.02.2014 vart det ikkje avdekkja avvik i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på. Myrsnipa barnehage er ein barnehage som er driven godt i samsvar med dei paragrafane som tilsynet konsentrerte seg om. Planverket til barnehagen er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i planane og uttrykt praksis i barnehagen.

Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuja stadfeste. Han var svært godt nøgd med barnehagen.

Dette går på godt pedagogisk innhald, mulegheit til å påvirke innhaldet, måten barn og foreldre blir møtt på, barnas trivsel.

Bergslia barnehage:

Ingen merknad.

Andre kommentarar:

Barnehagen har internkontrollsystem både inne og på uteområdet. God kvalitet på uteområdet som gir mulegheit til varierte utfordringar for barna. Styrar må sørge for at det nye gjerdet blir utbetra slik at det blir trygt for barna å ferdast på uteområdet. (Følgje opp det ho tidlegare har meldt inn til eigedomsavdelinga)

Barnehagen har gode rutiner på at alt som kan vere farleg for barn, vaskemiddel, maling ect. skal oppbevarast innelåst. Tilsynet fann dette i orden ved ettersyn.

Innhaldet i planane er i samsvar med krav til årsplan, og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på.

§ 1 «Formål»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§ 4 «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidutval.

§ 17 « Styrer» Bergslia barnehage har styrar i 100% stilling, 60% til administrasjon og 40% på avdeling som pedagogisk leiar.

Styrar har godkjent utdanning.

§ 18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i fast stilling har godkjend utdanning. Inneverande år har vikar for pedagog (0,8 årsverk) som er ute i permisjon dispensasjon frå utdanningskravet. Pedagognorm er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar per 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 2 årsverk pedagogiske leiarar der 0,8 årsverk er på dispensasjon frå kravet om barnehagelærarutdanning. Norm for personaltettleik elles er 3 årsverk per 9 barn under 3 år og 3 årsverk per 18 barn over 3 år. Grunnbemanninga i Bergslia barnehage er i samsvar med denne norma.

Ved tilsynet 10.04.2014 vart det ikkje avdekka avvik i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på. Bergslia barnehage er ein barnehage som er driven godt i samsvar med dei paragrafane som tilsynet konsentrerte seg om. Planverket til barnehagen er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i planane og uttrykt praksis i barnehagen.

Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuja stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på at barnehagen var god og trygg for barna og personalet møtte barn og foreldre på ein god måte. Ho opplevde godt samarbeid med barnehagen og meinte barnehagen la til rette for at foreldra fekk kome med innspel også når det gjeld pedagogisk innhald.

Leikanger barnehage:

Ingen merknad.

Andre kommentarar:

Internkontroll: Barnehagen har gode rutiner på at alt som kan vere farleg for barn, vaskemiddel, maling ect. skal oppbevarast innelåst. Medisinskapet sto med nøkkel i. Skjerpe rutinene her.

Rutiner for dagleg tilsyn på uteområdet er etablert. Det vert i tillegg gjennomført eit grundigare tilsyn fire gongar per år. Dette barnehageåret har ikkje eigedomsavdelinga gjennomført ekstern kontroll av leikeapparata. Mange av leikeapparata er modne for utskifting. Eigedomsavdelinga har vore på synfaring, men ein veit ennå ikkje om det blir prioritert å skifte ut gamle leikeapparat med nye.

Innhaldet i planane er i samsvar med krav til årsplan, og viser at personalet har hatt gode refleksjonsprosessar for å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på. Planane viser særskild god dokumentasjon på barnehagen sitt innhald og verdisyn.

§ 1 «Formål»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§ 4 «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutvalg.

§ 17 « Styrer» Leikanger barnehage har styrar i 100% stilling, 50% til administrasjon og 50% på avdeling som pedagogisk leiar. Styrar har godkjent utdanning.

§ 18 «Barnehagens øvrige personale» Pedagogane som er tilsett i fast stilling har godkjent utdanning. Pedagognorm er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar per 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 2 årsverk pedagogiske leiarar ved Leikanger barnehage. Norm for personaltettleik elles er 3 årsverk per 9 barn under 3 år og 3 årsverk per 18 barn over 3 år. Grunnbemanninga i Leikanger barnehage er i samsvar med denne norma.

Ved tilsynet 05.06.2014 vart det ikkje avdekket avvik i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på. Leikanger barnehage er ein barnehage som er driven godt i samsvar med dei paragrafane som tilsynet konsentrerte seg om. Planverket til barnehagen er godt gjennomarbeidd og viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i planane og uttrykt praksis i barnehagen. Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuja stadfeste. Han var svært godt nøgd med barnehagen. Han peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte.

Moltu barnehage:
Ingen merknad.

Andre kommentarar:

Internkontroll: Barnehagen har gode rutiner på at alt som kan vere farleg for barn, vaskemiddel, maling ect. skal oppbevarast innelåst. Tilsynet fann alt i orden i høve desse rutinene.

Rutiner for tilsyn på uteområdet er etablert. Dette barnehageåret har ikkje eigedomsavdelinga gjennomført ekstern kontroll av leikeapparata. Styrar må fylgje opp at uteområdet til ei kvar tid er trygt for barna å utfolde seg på ved å melde behov for utbetring til eigedomsavdelinga.

Innhaldet i planane er i samsvar med krav til årsplan, og viser at personalet har jobba bra med å synleggjere kva innhald barnehagen legg vekt på.

§ 1 «Formål»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forståing for kva formålet med barnehagen er, og kunne gjere greie for korleis ein arbeider i praksis for å vere i samsvar med formålsparagrafen.

§ 4 «Foreldreråd og samarbeidsutvalg»: Alle som vart intervjuja viste kjennskap til og forstod funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval.

§ 17 « Styrer» Moltu barnehage har styrar i 100% stilling, 50% til administrasjon og 50% på avdeling som pedagogisk leiar.
Styrar har godkjent utdanning.

§ 18 «Barnehagens øvrige personale» Ein av pedagogane som er tilsett i 100% fast stilling har godkjend utdanning. Den andre som er tilsett i 50% stilling har anna pedagogisk utdanning og har dispensasjon frå utdanningskravet. Pedagognorm er i samsvar med rettleiande norm, dvs 1 pedagogisk leiar per 9 barn under 3 år/18 barn over 3 år. Totalt blir det 2 årsverk pedagogiske leiarar ved Moltu barnehage. Norm for personaltettleik elles er 3 årsverk per 9 barn under 3 år og 3 årsverk per 18 barn over 3 år. Grunnbemanninga i Moltu barnehage er i samsvar med denne norma.

Ved tilsynet 12.06.2014 vart det ikkje avdekka avvik i forhold til det lovverket som tilsynet hadde fokus på.

Moltu barnehage er ein barnehage som er driven tilfredsstillande i samsvar med dei paragrafane som tilsynet konsentrerte seg om. Planverket til barnehagen viser ei generell reflektert fagleg tilnærming til formål og innhald i barnehagen. Tilsynet observerte gjennom intervju samanheng mellom innhaldet i planane og uttrykt praksis i barnehagen.

Dette kunne foreldrerepresentanten som vart intervjuja stadfeste. Ho var svært godt nøgd med barnehagen. Ho peika på godt innhald i barnehagen og at barn/foreldre vart møtt på ein god måte.

Gjennomføring:

Det vart gjennomført intervju med styrar, pedagogisk leiar, assistent og representant for foreldra ved alle barnehagane.

Resultatet etter intervjuja viser høg bevisstheit om ansvaret personalet har i høve formålet med barnehagen, funksjonen til foreldreråd og samarbeidsutval, styrarkompetanse og resten av personalet når det gjeld norm for pedagogar og nok personale. Dei som ikkje hadde godkjent utdanning, hadde søkt og fått mellombels dispensasjon frå utdanningskravet. Dette gjeld 3,1 årsverk av til saman 10 årsverk .

Alle foreldra som vart intervjuja var godt nøgd med barnehagetilbodet.

Alle barnehagane har internkontrollsystem på områda brannvern, sikkerheit på uteleikeplassen, vernerunde inne i barnehagebygget, IK mat.

Ein barnehage fekk ein merknad utan krav om skriftleg tilbakemelding.

Vurdering og konklusjon:

Drifta i kommunale barnehagar er i samsvar med lovverket, og kommunen overheld slik sitt ansvar i høve barnehagelova § 8 og 16 når det gjeld at kommunen skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane vert drive i samsvar med gjeldande lovverk. Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å gjennomføre eit varsla tilsynsbesøk ca. anna kvart år i både kommunale og private barnehagar.

Konsekvensar for folkehelse:

Det er bra for folkehelsa at det ikkje vart avdekt avvik etter dei granska paragrafane i barnehagelova. Det betyr at personalet er bevisst på kva som er formålet med barnehagen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 14.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Laila Kvalsund Solhaug
Avd.leiar

Sakshandsamar: Laila Kvalsund Solhaug



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

4 b).

Skjema til bruk i arbeidet med kommunen sitt tilsyn av kommunale barnehagar.

TILSYN I BARNEHAGE

Barnehagen fyller ut på førehand så mykje som råd.

Tidspunkt for tilsynsbesøk:

Besøket var varsla i brev dagsett:

Til stades frå barnehagen:

Styrrar:

Pedagogisk leiar/førskulelærer(tillitsvald):.....

Fagarbeidar/assistent(tillitsvald):.....

Foreldrerepresentant.....

Til stades frå eigen kommune: Laila K. Solhaug

Til stades frå anna kommune: Beate Farestveit Brandal



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

1. BARNEHAGEN SITT SAMARBEIDSUTVAL

Opplysningar etter Lov om barnehagar § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval

Har barnehagen samarbeidsutval?

Ja / Nei

Kor mange møter har vore gjennomført i løpet av året?:

Tal:.....

Gi opplysningar om barnehagen sitt samarbeidsutval, med leiar som første namn:

	Namn	Representerer: (eigar/personale/foreldre)
Leiar:		
Medlemmar:		

2. BARNEHAGEN SITT INNHOLD

Tema sjåast i samband med § 2 i Lov om barnehagar, barnehagen sitt innhald, om barn sin rett til medverknad §4, samt rammeplanen og barnehagen sin årsplan

A. Årsplan og utviklingsarbeid

	Ja	Nei
Er barnehagen sin årsplan sendt tilsynsmynde?		
Er årsplan fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval?		
Har foreldra teke del i utviklinga av årsplan?		
Har foreldra fått utdelt årsplanen?		
Arbeider barnehagen med særskilde prosjekt?		

Dersom ja – kva for?.....

.....

Årsplan for barnehagen må vere tilgjengeleg ved tilsynet.

Rammeplanen gir retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. **Noter ein kommentar** om innhaldet i årsplanen sett i lys av rammeplanen, for eksempel plan for evaluering, utfordringar i årsplanarbeidet, særskilte tilhøve rundt prosessen, andre ting..



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

B. Samarbeid med andre instansar

Har barnehagen kontakt og samarbeid med andre instansar? Ja / Nei
Dersom ja – kva for?

.....

.....

.....

.....

C. Brukarundersøking og vurderingsarbeid

Vert det gjennomført brukarundersøking? Ja / Nei
Dersom ja – korleis vert den utført, kor ofte, og kva for resultat er komne fram ?

.....

.....

.....

.....

D. Medverknad



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

Korleis vert borna sin rett til medverknad teken i vare ?

.....

.....

.....

.....

E. Vurdering av eiga verksemd

Vurderer barnehagen si verksemd?

Ja / Nei

Korleis?

.....

.....

.....

F. Samarbeid med foreldre/føresette

Kva for saker vert tekne opp i samarbeidsutvalet?

.....

.....

.....

Kva for saker vert tekne opp i foreldrerådet?

.....

.....

.....

Korleis er samarbeidet foreldre/barnehage lagt til rette?

.....

.....

.....

Korleis vert klager frå foreldre handsama?

.....

.....

.....



Volda



Ørsta



Ulstein



Hareid



Herøy



Sande



Vanylven

3. OPPSUMMERING ETTER TILSYNSBESØK

Oppsummering skjer i samsvar med Lov om barnehagar §16, tilsyn

Tilsynsmakta avdekka i besøket tilhøve:

- der det vil bli gitt pålegg om retting av ulovlege tilhøve (Avvik): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter tilsynsbesøket:

.....

.....

.....

.....

.....

- der det vil bli gitt pålegg om retting av uforsvarlege forhold(Merknad): Ja / Nei

Oppsummerande kommentarar etter tilsynsbesøket:

.....

.....

.....

.....

.....

.....
Stad/dato:

.....
Tilsynet si underskrift

.....
Styrar si underskrift

PLAN FOR TILSYN AV BARNEHAGAR I HERØY KOMMUNE

Kommunen som tilsynsmynde

Kommunestyret har det øverste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga og bestemmer kva for organ i kommunen tilsynet skal leggast til, jvf. kommunelova §§10, 12 og 23. Kommunestyret kan med heimel i kommunelova §§ 10, 12, og 23 nr. 4 ved delegering ta avgjerd om kven som skal vere tilsynsmynde i kommunen.

Hensikt med kommunen sitt tilsyn:

Brukarane skal gjennom kommunen sitt tilsyn vere sikra at fylgjande er ivaretatt:

- Tilsyn skal vere eit verkty for å sikre barn gode oppvekstkår
- Barnehagen vert drive i samsvar med lover, føresegner og kommunale vedtak
- Eigar av barnehagen er medviten sitt ansvar for at verksemda i eigen barnehage er i samsvar med lov om barnehagar med føresegner

Lovgrunnlaget for tilsyn

Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova) § 16 bestemmer at kommunen skal føre det lokale tilsynet med verksemdar (kommunale og private) etter denne lov. Lova § 8, femte ledd sikrar tilsynsmyndet rett til innsyn.

Tilsynet skal primært utførast for å kontrollere at barnehagen drivast i samsvar med

- Lov om barnehagar, eventuelt avdekke ulovlege eller uforsvarlege forhold, og stille krav om forbetring.
- Rammeplan for barnehagar, å sjå til at barnehagen sitt faglege innhald er i samsvar med denne
- Føresegn om sikkerheit på leikeplassen (19. juli 1996)
- Føresegn om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.m. (01.12.95)
- Lov om brannvern
- Lov om produktkontroll

Tilsynsmyndet kan iverksette pålegg dersom det vert avdekt uforsvarlege eller ulovlege forhold i barnehagen. Om nødvendig kan tilsynet stenge verksemda, innanfor ei bestemt tid eller varig. Barnehagen sin eigar kan påklage vedtaket til Fylkesmannen.

Rådmannen har fått delegert ansvaret for tilsyn. Tilsyn etter lov om barnehagar gjennomførast i praksis av barnehageleiar. (hadde vore ynskjeleg at helsesyster også deltok ved tilsynet) Det vert då også ført tilsyn med at eigar har fått godkjenning etter lovverk som ulike faginstansar har ansvaret for. Tilsynet krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid, samt gode rutiner mellom kommunale avdelingar/faginstansar.

Gjennomføring av tilsyn

- Tilsynet kan vere varsla eller ikkje varsla
- Omfanget av tilsynet kan variere. Til vanleg skal alle barnehagar ha minst eitt tilsyn anna kvart år, men spesielle tilfelle eller oppfylggingssaker kan tilsei at det blir oftare
- Ulike tema kan i perioder få auka fokus, eks. ulike satsingsområde.

Herøy kommune har slik plan for tilsyn

1. Varsla tilsyn

ANSVAR	TRINN	AKTIVITET
Tilsynsansvarleg	1	<p>Sender ut varsel om tilsyn til barnehagen minst tre veker før gjennomføring av tilsynet.</p> <p>Fylgjande sendast ut som vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none">- Plan for tilsyn av barnehagane i Herøy- Skjema / sjekklister for tilsyn av barnehagar <p>Kommunen som tilsynsmynde tek sikte på å gjennomføre tilsyn i alle kommunale barnehagar eitt år og i alle private barnehagar året etter.(o.s.b.)</p> <p>Kommunen vil frå hausten 2008 starte å bruke intervjumetode ved tilsynet.</p>
Styrrar/Eigar	2	Skjema fyllast ut og returnerast til tilsynsansvarleg seinast ei veke før gjennomføring av tilsynet
Styrrar	3	Gjere avtale med dei som skal vere med på tilsynet frå: <ul style="list-style-type: none">- eigar- foreldra- personalet
Tilsynsansvarleg	4	Går gjennom skjemaet, legger til opplysningar/vurderingar som kom fram i under tilsynsbesøket, samt eventuelle pålegg/avvik. Skjemaet blir sendt barnehagen som ein rapport frå tilsynsbesøket. Representant frå barnehagen skriv under og returnerer ein kopi til tilsynsansvarleg. Oppfølgingbesøk til barnehagen der resultatet blir presentert/event over tlf..
Tilsynsansvarleg	5	Legg fram sak om resultatet av tilsynsbesøka til formannskapet/kommunestyret. Vedtak om eventuell stenging som resultat av ulovlege forhold som ein ikkje kan gjere noko med vert gjort av kommunestyret. Eit slikt vedtak kan påklagast til Fylkesmannen.

2. Tilsyn som ikkje er varsla

Kan utførast når barnehagemynde av ulike årsaker finn det nødvendig.

Referatsaker

Referatsaker

Til
Komité for oppvekst
Formannskap
Kommunestyre

Leikong 27. juli 2014

Vi ønskjer barnehage på Leikong!

I sak 8/14, (arkivsak 2014/750), tilrår rådmannen å byggje 5 nye småbarnavdelingar ved Myrvåg barnehage (til saman 8 avdelingar). Samtidig viser rådmannen til at han ønskjer å leggje ned barnehagen på Leikong.

Leikong er ei bygd i stor vekst. Barneskulen på Leikong illustrerer dette godt med ein auke i elevtal frå rundt 50 til nærmare 80 elevar på få år.

Det har i fleire år vore for få barnehageplassar på Leikong. Ei oversikt frå 2012 viste at det var rundt 60 born i barnehagealder på Leikong, der 18 fekk plass i Leikanger barnehage, medan om lag 25 gjekk i Myrsnipa. Året etter vart Leikanger barnehage utvida med 11 nye plassar. Om lag 26 born fekk då plass på Leikong medan ca. 15 born gjekk i Myrsnipa.

Vi er ei foreldregruppe på Leikong som ser positivt på at det vert satsa på barnehage i indre Herøy. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle borna i indre Herøy er det rette svaret.

Vi ber derfor politikarane i Herøy om å vurdere følgjande:

1. Leikong er ei bygd som er attraktiv for tilflyttarar. Innbyggjarveksten kjem frå både utflytta Leikongarar som vel å kome attende og reine tilflyttarar. Leikongbygda er unik, med flott natur, skog, fjell og skjergard og sentralt med kort veg til både Fosnavåg, Ulsteinvik, Volda, Ørsta og Sande.

For oss som har flytta til Leikong er eit av dei viktigaste momenta for val av buplass tilbod om barnehage og skule i bygda.

Barnehagen er ein viktig integreringsinstitusjon for oss som kjem til bygda. Foreldre og born vert kjende med kvarandre og det er med å skape det gode samhaldet vi finn her på Leikong. Barnehagen er med å byggje eit godt lokalsamfunn der folk trivst. Med Herøy kommune si satsing på vekst jf., Herøyløftet, er det etter vårt syn uheldig å fjerne barnehagen som er så viktig for kvar ein vel å busetje seg når ein er i etableringsfasen.

2. Vi opplever at samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong er ei styrkje for borna. Borna på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen frå barnehage til skule går naturleg, lett og trygt. Vi meiner at tryggleik er den viktigaste faktoren for læring, utvikling og helse.

3. Det er planlagt 5 avdelingar med felles uteområde, i tillegg til dei 3 eksisterande avdelingane i Myrvåg. Fleire av oss foreldre er bekymra for å sende barna til ein så stor barnehage. Det vil difor for enkelte vere aktuelt å vurdere alternative løysingar.
4. I saksutgreiinga peikar rådmannen på at ein ny barnehage i Myrvåg vil vere helsefremjande. Vi meiner at høve til å hente borna til fots eller med sykkel er gunstig for folkehelse og miljø. Jf. også Herøy kommune si målsetjing om redusert utslepp frå korte personbilreiser i klimaplanen. Vidare viser vi til at Leikanger barnehage sin nærleik til naturområde også er positivt for borna si helse, jf. mange turar til fjøra og faste turar til nyleg oppført gapahuk i Kleppefurene der borna får utfalde seg.
5. Rådmannen viser til at ei nedlegging av barnehagen på Leikong frigir lokale til skuleundervisning. Vi viser til at skuleleiinga har påpeika at barnehagelokala ikkje er ei god løysing som skulelokale.

Vi ønskjer eit balansert barnehagetilbod i Herøy. Med ei utviding til om lag 50 plassar ved Leikanger barnehage vil alle frå bygda som ønskjer det kunne få plass lokalt. Det vil også gje eit større pedagogisk miljø.

Vi foreslår at det vert utarbeidd eit mogleighetsstudie for enten utviding av eksisterande lokale, eller nye lokale til barnehage.

Det er etablert ei arbeidsgruppe som ser på utviding og utvikling av Leikanger grendahus. I den samanheng ser ein at det truleg er mogeleg å byggje ut relativt store areal, nært knytt til eksisterande bygningsmasse. Kanskje kunne ein vinn-vinn situasjon for alle vere å tenkje samla utviding med utstrekt sambruk for grendahus, skule og barnehage?

Leikanger barnehage har eit godt tilrettelagt uteområde, tilgang til gymsal og ein har ein flott gapahuk som er mykje i bruk. Vidare har barnehagen eit dyktig og stabilt personale, noko som fremjar læring, trivsel og tryggleik for borna. Dette er kvalitetar som vi ønskjer å vidareføre!

Vi håper de ser mogleighetene og ikkje avgrensningane!

Venleg helsing

For Foreldrerådsstyret ved Leikanger barnehage:

Tore Hasund, Winnie Støylen, Heidi Mundal, Stian Jøsok, Siv Midtlien, Irene Winsnes

Ps! Vi legg også ved eit brev som i 2012 vart sendt brev til Herøy kommune i samband med budsjettarbeidet, sidan ingen av momenta i dette brevet har kome med i saksutgreiinga til rådmannen.

Fra: postmottak
Sendt: 5. august 2014 15:48
Til: Arkiv
Emne: FW: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Helsing

Þý H E Rýý Y K O M M U N E
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: siv@midtlien.com [mailto:siv@midtlien.com]
Sendt: 5. august 2014 15:40
Til: postmottak
Emne: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Hei
Þý E g s e n d e r m e d d e t t e o p e b r e v f rýý f o r e l d r
Þý v e d rýý r a n d e s a k 8 / 1 4 , (a r k i v s a k 2 0 1 4 / 7 5 0)
i komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret i samband med den komande
Þý h a n d s a m i n g a a v s a k a . S jýý v e d l e g g

Venligst bekreft.

Beste helsing
Siv Midtlien

Opent brev til Formannskapet i Herøy kommune i høve budsjettarbeidet 2012.

La oss få behalde barnehagen på Leikong!

I Vestlandsnytt tysdag 6.november 2012 tilrår rådmann Erlend Krumsvik ei kraftig utviding av barnehagekapasiteten i Myrvåg ved å byggje ein ny barnehage på den gamle skuletomta. Rådmannen anslår at det totalt vil bli 120 plassar på dette relativt avgrensa området.

Barnehageleiar Laila K. Solhaug stiller seg positiv til initiativet og fylgjer opp med å sannsynleggjere nedlegging av Leikanger og Moltu barnehage.

Foreldreutvalet ved Leikanger skule og Leikanger barnehage ser behovet for utbygging av barnehage, ikkje minst fordi vi ser mengda av born frå bygda vår som står på venteliste. Per i dag er talet på born frå bygda med rett til barnehageplass rundt rekna 60 born. Av dei går 18 i Leikanger barnehage og omlag 25 av dei går i Myrsnipa barnehage. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle ungane i indre Herøy nødvendigvis treng å vere det einaste rette svaret.

Samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong har vore ei styrkje for borna. Og ein ser at stadig fleire rapportar konkluderer med at samarbeidet mellom desse to institusjonane er særleg viktig for kvaliteten på vidare skulegang. Her viser vi mellom anna til Fylkesmannen i Rogaland sin sluttrapport på prosjektet *Skole + barnehage = sant* og kunnskapsdepartementet sin vegleiar: *Frå eldst til yngst*. Dei borna som går andre stadar er avhengige av større resursbruk for å få bygd opp tilsvarende trygghet og tillit til skulen før skulestart. Ungane på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen går naturleg, lett og trygt. I tillegg viser rapportar at mellomstore barnehagar har den beste kvaliteten og at det sjeldan er ei styrke for borna med for høgt tal born på eit avgrensa område, slik Myrvåg-prosjektet kan sjå ut til å bli. Her kan vi mellom anna vise til IRIS-rapporten: *Barnehagenes organisering og strukturelle faktorers betydning for kvalitet*. (Kunnskapsdepartementet 2011)

Representantane for foreldreutvala har fått framlagt fleire ulike forslag til løysingar på moglege utbygging av området ved Leikanger skule, som er tenleg for både barnehage og skule. Det er heilt klart at det ikkje berre er mangel på barnehageplassar, men at det om få år vil verte for liten plass på skulen også. Her trengst kanskje ikkje så veldig store grep for å få til ei tilfredsstillande løysing.

Foreldreutvala vel å sjå veksten i årskulla som noko positivt og gleder seg over å vere ein del av ei bygd i vekst. Vi har eit trygt og nært oppvekstområde vi vil behalde og gjerne utvide.

Leikongbygda er i dag eit attraktivt område for eventuelle innflyttarar til Herøy. Den positive veksten kjem kanskje ikkje så lett til syne, då det ikkje er så stor utbygging på dei kommunale tomtene i Feirelida bustadfelt. Likevel ser vi på den stadige auka av born i skuleklassene at her er ganske stor tilflytting. Eit bra eksempel er borna som er fødte i 2007, og som skal byrje i fyrste klasse hausten 2013. Ved utgangen av 2007 var her ni-ti born i dette kullet. No reknar dei heile 16 born, det vil sei ei tilflytting på vel seks born i berre eitt einaste årskull.

Vi har i dag ei bygd med yrande liv, her er eit grendahus som kvar einaste ettermiddag og kveld er fullt opp med aktivitetar for folk i alle aldrar. Den nye kunstgrasbana som er under opparbeiding vil bli eit nytt positivt tilskot ved skuleområdet. Ei betre og meir tilfredsstillande trafikk-løysing i tilkomsten til skulen er allereie på budsjettet og er under planlegging.

Det er liten tvil om at Leikong i dag er eit attraktivt område å busette seg i. Her har vi det meste ein kan ynskje seg, vere seg barnehage, skule, aktivitetar for born og vaksne, natur både på fjellet og ved sjøen og eit positivt og lojalt samhald blant innbyggerane.

Vi trur at med litt hjelp frå kommunen, slik at vi kan behalde barnehage og skule, kan vi fortsette å vere ei tiltalande bygd i vekst, og at vi kan vere med på å oppnå målet om å nå 10 000 innbyggjarar i Herøy kommune innan 2020.

På vegne av foreldra i Leikanger barnehage og Leikanger skule:

Tore Hasund
leiar FAU Leikanger barnehage

Solveig Roaldsetli Bakken
leiar FAU Leikanger skule